



Bjørn Håkon Uthaug
Sælenveien 68e
5143 Fyllingsdalen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/1160 - 23/15371

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:
24.02.2023

Adresseendring og adressesildeling Keilevegen 129 GBNR 125/11, 81

Administrativt vedtak: Saknr: 222/23

VEDTAK:

Med heimel i Lov nr 101 av 17. juni 2005 om eigedomsregistrering (matrikkellova) § 21 og tilhøyrande forskrift kap.12, og felles kommunale retningsliner til lovheimelen for kommunar i regionen Nordhordland og Gulen, har Alver kommune gjort følgjande adresseendring og adressesildeling:

Gbnr	Brukseining	Eksisterande adresse/ husnr.	Ny tildelt adresse/husnr.
125/11	H0101(eks bustad)	Keilevegen 129	Keilevegen 129A
125/11	H0101 (Tidl låve)	ingen	Keilevegen 129B
125/81	H0101 (B)	Keilevegen 131	Ingen endring

Kommunen har registrert ny adressene i det nasjonale adresseregisteret Matrikkelen.

Vedtaket erstattar delegert vedtak 140/23

Saka gjeld

I samband med godkjent ombygging av låve til bustadhus på eigedommen 125/11 skal det tildelast offisiell adresse til dette bygget. Då det ikkje er ledige husnummer i området her, vert det nødvendig med adresseendring av eitt bustadhus ved å ta i bruk bokstav i tillegg til husnummer, for å unngå ei større omadressering.

Det vert gjort nytt adressevedtak for tidlegare delegert vedtak sak 140/23, etter ynskje frå eigar av 125/11.

Vurdering

Vegen som eigedommen har tilkomst frå har adressenavnet Keilevegen.


Eigar av GBNR 125/11 har kome med tilbagemelding på utsendt vedtak i del sak 140/23, og ynskjer at me utfører adresseending på adressa til bustadhuset på hans eigedom- hus nr 129, framfor å endra adressa til naboen- hus nr 131. Då dette er inne på eit gardstun med oversiktlege tilhøve, finn me det tilrådeleg å gjera eit mindre avvik frå vanleg rutine for adressetildeling.

Adressene vert skilt ved bokstavane A og B i tillegg til husnummeret, der eksisterande 131 får 131A, då dette huset kjem først i adresseringsretningen.

Adresseendingane trer i kraft straks.

Offentlege etatar hentar opplysningar om adresseendinga frå matrikkelen. Eventuelle private kontaktar må de melda adresseendinga til sjølv.

Adressa viser også på kartutsnitt under.



Eigar er ansvarleg for å merke adressa med godkjendt husnummer-skilt med svarte tal på reflekterande botn (sjå døme under).

Husnummer må vere på plass før bygget vert teke i bruk.



I tilfeller der bygget med adresse ikkje synes frå adressevegen er det nødvendig med tilvisingsskilt ved avkøyring til sideveg.

Der eigdommen som har fått adressa strekkjer seg heilt fram til vegen (der avkøyringa er), har eigar sjølv plikt til å setje opp også eventuelt nødvendig tilvisings-skilt.



Du finn meir informasjon om slike skilt på kartverket sine nettsider:

<https://www.kartverket.no/eiendom/adressering/skilting-av-adresser>

Regelverk

- Lov nr 101 av 17. juni 2005 om eigedomsregistrering (matrikkellova) § 21
- Forskrift om eigedomsregistrering (matrikkelforskrifta) Kap. 12.
- Felles kommunale retningslinjer til lovheimelen for kommunar i regionen Nordhordland og Gulen

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «ArkivSakID»

Med vennleg helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Tommy Veland
Avdelingsleiar

Anngunn Marie Gullbrå
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Audun Magne Uthaug
Bjørn Håkon Uthaug

Røsvika 16
Sælenveien 68e

5914 Isdølstø
5143 Fyllingsdalen